



Byggesak

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalsto
E-post: postmottak@lindas.kommune.no
Heimeside: www.lindas.kommune.no
Kartside: www.nordhordlandskart.no
Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Ruth Eknes

Eknes 72
5993 OSTEREIDET

Dykkar ref.

Vår ref.
2010/1846 - 0 -
22146/2011

Arkivkode:
239/8

Sakshandsamar:
Einar Urheim


Telefon
56375000

Dato:
07.09.2011

Delegert sak handsama av avdelingssjefen

Pålegg om tilbakeføring av terreng og opphør av bruk som parkeringsplass på del av Gbnr 239 / 8 - Eknes Tre

Det vert vist til vårt forhåndsvarsel om pålegg, førelegg, tvangsmulkt og politianmelding- gbnr 239/8- Eknes Ytre, datert 1.05.2011.



SITUASJONSPLAN

I varselet vart det bedt om at merknader til varselet vart sendt inn innan 15 juni 2011. Det er motteke merknad frå advokatfirma Alvheim & Hansen den 15.06.2011 og seinare den 30.06.2011.

Det vert vist til merknadane i sin heilskap.

Administrasjonen går i denne saka ikkje inn på privatrettslege forhold. Det vert vidare påpeikt at det i denne saka ligg føre eit rettskraftig vedtak og at klagemoglegheitene på vedtaket i delingssaka 8 /1330 er uttømt.

Administrasjonen har merket seg kommentaren om parkeringsplassen der det går fram: *"Ut frå topografien på stedet, synes det som om " opparbeidelsen" av parkeringsplassen har krevd meget beskjeden innsats og ubetydelige endringer av det eksisterende terrerenget,...."*

Administrasjonen har vidare merka seg kommentaren om oppmoding til rimelegheit i vurdering av sanksjonar i dette konkrete høve.



Det vert vist til PBL 32-1 Plikt til å forfølge ulovligheter.
Administrasjonen finn i dette konkrete tilfelle å måtte forfølge det ulovlege forhold.

Pålegg om opphør av bruk og pålegg om tilbakeføring av terreng.

Administrasjonen finn det rimeleg å gje pålegg om opphør av bruk samt at terrenget vert tilbakeført til slik tilstand terrenget var før tiltaket var utført. Det vil sei at på opparbeid parkeringsplass skal eksisterande toppdekke fjernast, tilkjørte masser skal fjernast, grøft skal etablerast mot veg og området skal tilførast vekstjord og såast til med gras.

Sidan det kan tyde på at arbeidet krev liten innsats, vert ein rimeleg frist for tilbakeføring sett til 01.11.2011.

Pålegg om tvangsmulkt og dagmulkt

Administrasjonen finn det rimeleg at dersom tilbakeføring ikkje vert utført innan 01.11.2011, vert det fastsett ein eingangsmulkt på kr. 10.000 og ein løpande dagsmulkt på kr. 250 som løper frå fristoverskriding til tilbakeføring har funnet stad.

Gebyr

For kommunen sitt arbeid i dette høve skal det betalast gebyr.

Gebyr for sakshandsaming vert sett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ vedteke av kommunestyret den 09.12.2010. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

C.5.8.1a	Gebyr
Påpeiking av ulovleg byggearbeid	4.700
SUM	4.700

Vedtak:

"Lindås kommune gjev med heimel i Plan- og bygningslova §§ 32-1,32-3, 32-4 og 32-5 :

- Pålegg om opphør av bruk som parkeringsplass for del av Gbnr 239 / 8
- Pålegg om tilbakeføring av terreng innan 01.11.2011
- Fastsetting av tvangsmulkt med eingangsmulkt kr. 10.000 og løpande dagsmulkt på kr. 250.

Grunngjevinga går fram av saksframstillinga og vurderinga ovanfor.

Faktura for sakshandsaming fylgjer vedlagt.

Saka er handsama og avslått administrativt i medhald av delegert mynde."

Klageadgangen i fvl:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar



Einar Urheim
fagleiar byggesak

LINDÅS KOMMUNE
TEKNISK ETAT-BYGGESAK
5914 ISDALSTØ

Org.nr. 935 084 733
Telefon 56 37 50 00
Telefax 56 37 50 27
Bankkonto 1503 22 54583
Bankens BIC adresse DNBANOKKXXX
Bankens IBAN NO36 1503 2254 583

EKNES RUTH BERIT
EKNES 72

FAKTURANUMMER 061009531
Fakturadato 14.09.2011
Forfallsdato 30.09.2011
Termin
Gjelder EKNES RUTH BERIT

5993 OSTEREIDET

AVGIFTSTYPE	SATS	GRUNNLAG	TOTALT
SAKSHANDSAMING BYGG Gbnr 239/8 (2010/1846-22146/2011)	4700,00	1,00	4700,00

"Etter forfall vert det rekna 9,25 p.a. Ved purring kr. 60,00"

Kvittering

Innbetalt til konto 1503 22 54583	Beløp 4.700 00	Betalerens kontonummer	Blankettnummer 6312834115
--------------------------------------	-------------------	------------------------	------------------------------

Betalingsinformasjon

Resk.nr.: 68838
Fakt.nr.: 061009531
Ref. Avtalegiro: 00068838000000028
Ref. eFaktura: 00068838

GIRO

Betalingsfrist [30.09.2011]

Underskrift ved girering

Betalt av
EKNES RUTH BERIT
EKNES 72
5993 OSTEREIDET

Betalt til
LINDÅS KOMMUNE
REKNEKAPSAVDELINGA
5914 ISDALSTØ

Belast
konto

Kvittering
tilbake

Kundidentifikasjon (KID) 00068838000000028	Kroner 4700	Øre 00	Til konto 15032254583	Blankettnummer <6312834115>
---	----------------	-----------	--------------------------	--------------------------------